



40 gjester var i går samla og markerte Kafe Tiaren 10 år.

40 gjester var i går samla i Gamleskulen og markerte at Kafe Tiaren har vore i drift i 10 år. Med oppstart 18. september 2007 har det vore heilårsdrift med om lag 50 samlingar kvart år. Kafe Tiaren er truleg eit av dei mest vellukka tiltaka bygda nokon gong har hatt både for fastbuande og for tilreisande. Kaféen er eit godt sosialt tiltak, men også ei god inntektskjelde for drift og vedlikehald av Gamleskulen.

Arnhild Myklebust, ein av 24 frivillige, fortalde spontant og levande om det å vera bak disken, om innkjøp og førebuingane til opninga kl.11. Kundane er nøgde og det er ikkje snakk om pruting. Ho understreka i si helsing at alle frivillige gjer eit samfunnsnyttig arbeid, eit tiltak som gjev bygda mykje god omtale.



Arnhild Myklebust og Svein Rimestad fortalte levande om det å vera bak eller framom disken. Arnhild er ein god seljar og Svein likar det han får på fatet. Det er ikkje snakk om pruting.

Svein Rimestad har vore fast gjest på Kafe Tiaren, etter den store overgangen frå arbeid til det å vera pensjonist. Han vart godt motteken og har funne sitt bord med god samtale og gode diskusjonar. Den store verdien med Tiaren er at det er eit tilbod for alle uansett alder og sosial bakgrunn. Integrasjon og inkludering er viktig. Han har merka seg gruppene slik:

- Dei som møter fast kl. 11, sit på det same bordet kvar gong
- Dei som fyrst går tur og kjem inn i 12 tida
- Dei som kjem meir tilfeldig
- Dei som kjem frå andre bygder
- Dei som kjem med fylgje, ei stor og viktig gruppe
- Dei som er småbarnsforeldre og gjerne er i fødselspermisjon og har borna med
- Dei som er frivillige og som står for planlegging og gjennomføring

10 års festen i går var for dei som har vore og er frivillige på Kafe Tiaren. Styret i Uskedal utvikling og leiinga for Kafe Tiaren takka alle for eit stort og verdfullt arbeid. Den faste blomen var bytt ut med Jobbfukt, fruktkorg pakka av og levert frå Kvinnherad Vekstbedrift.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Stor takk til alle frivillige, jobbfrukt pakka av og levert frå Kvinnherad Vekstbedrift.